

- Ser eit trendskifte

2025-01-23

Optional[© Nationen]

Alle artikler er beskyttet av lov om opphavsrett til åndsverk. Artikler må ikke viderefremmes utenfor egen organisasjon uten godkjenning fra Retriever eller den enkelte utgiver.

Les artikkelen ved å klikke her.

14 NYHETER

Torsdag 23. januar 2025

NATIONEN

Kostnadsveksten for bønder tar ny vending:

- Ser eit trends



Dei tolv siste månadene har prisen på kraftfôr gått opp med rett over 4,4 prosent ifølgje prisindeksen til AgriAnalyse, som baserer seg på kraftfôrprisar som blir rapportert inn til Landbruksdirektoratet.

FOTO: BJARNE BEKKEHEIEN AASE

Etter tre månader på rad med auke er kostnadsnivået i jordbruket det høgaste på lang tid. Særleg ein viktig innsatsfaktor for bønder er blitt dyrare.



Anel Finci jobber i Agri Analyse. Han lagar blant annet bondens prisindeks

FOTO: CAMILLA MELLESTRAND

Bjarne Bekkeheien Aase
bjarne.aase@nationen.no

LANDBRUK

Etter kostnadsjokket for bønder i 2021 og 2022 har prisane på fleire sentrale innsatsfaktorar gått ned i lengre tid, men den siste tida har utviklinga snudd.

Det viser indeksen for kostnadsveksten til bønder, Bondens prisindeks (BPI), som blir laga av AgriAnalyse.

Høgaste på halvtanna år

Dei tre siste månadene har kostnadene i jordbruket gått opp. Bondens prisindeks var i desember tilbake på same nivå som på forsommaren i 2023, for meir enn halvtanna år sidan.

Kostnadsnedgangen har flata ut og snudd den siste tida, ifølgje analytikar.

- Nedgangen i kostnadene har flata ut og begynt å auke igjen gradvis dei siste månadene, seier prosjektleiar i Agri Analyse, Anel Finci.

Dei tre siste månadene har kostnadsnivået gått opp med nær to prosent i jordbruket, ifølgje indeksen.

Kostnadsveksten for bønder var dermed meir enn dobbelt så stor som veksten i konsumprisindeksen (KPI), ofte omtalt som den generelle prisveksten i samfunnet. Der var veksten i same tidsrom på 0,8 prosent.

» Bortsett frå ein måned, november

2023, så må ein halvtanna år tilbake for å finne eit høgare kostnadsnivå enn ved utgangen av fjoråret.

Anel Finci,
prosjektleiar Agri Analyse

- Bortsett frå ein måned, november 2023, så må ein halvtanna år tilbake for å finne eit høgare kostnadsnivå enn ved utgangen av fjoråret, seier Finci.

- Ser trendskifte

Ser ein på den rullerande kostnadsveksten for jordbruket dei tolv siste månadene, så har den vore negativ heilt sidan april i 2023. Det vil seie at kostnadsnivået har gått ned.

Dei ferske tala for desember i fjor viser at den rullerande kostnadsveksten igjen peiker oppover. Det har ikkje skjedd på snart to år.

- Vi ser eit trendskifte når ein samanliknar med kostnadene på same tid i fjor. Fram til då gjekk prisane på kunstgjødsel nedover, men etter den tid har nedgangen flata ut, seier Finci og viser til at gjødselprisane dermed ikkje lenger motverkar



Etter nedgang i lengre tid går kostnadene i jordbruket igjen opp viser nye tal.

prisoppgangen på andre varer og tenester.

Frå desember 2023 til desember 2024 auka prisane på sentrale innsatsfaktorar i jordbruket med 2,15 prosent. Det er omtrent på linje med veksten i KPI i same tidsrom.

Det er særleg ein viktig innsatsfaktor for bønder har blitt dyrare det siste året.

- Prisveksten på kraftfôr, som er ein tung kostnadspost for

bønder, er den faktoren som drar kostnadene mest opp samanlikna med for eitt år sidan. Der har prisveksten vore på over 4,4 prosent, seier Finci.

Aukande prisar på råvarer som blir brukt i kraftføret kombinert med kronekursen er ifølgje AgriAnalyse med på å dra opp kraftfôrprisen.

- I tillegg blei tilskotet til prisnedskrivning på importerte karbohydratråvarer til kraftfôr

fjernt frå 1. juli, seier Finci.

Budsjettnemnda for jordbruket har kalkulert med ein samla kostnad på 10 milliardar kroner til kraftfôr i 2024.

Prisvekst på innkjøpte tenester i jordbruket, alt frå rekneskapsføring til forsikring og dyrlege, drar også opp kostnadsveksten det siste året. Vedlikehaldskostnadene aukar også.

Straum er ein av dei få fakto-

Skifte



FOTO: BJARNE BEKKEHEIEN AASE

rane som har gått ned i pris dei siste tolv månadene, ifølgje indeksen.

– Kan gå vidare opp

AgriAnalyse utelukkar ikkje at kostnadene i jordbruket vil auke vidare den næraste tida.

– Viss energiprisane går opp, slik dei ofte gjer om vinteren, så kan nok kostnadsveksten halde fram dei neste månadene. På lengre sikt er det meir usikkert.

Mykje kjem også an på korleis utviklinga blir vidare for kraftforprisen, som veg tungt, seier Finci.

Han viser til at det også kan kome uventa hendingar og «sjokk» som påverkar kostnadsveksten, og viser til at det til dømes er usikkert kva president-skiftet i USA kan føre til.

Sjølv om kostnadene i jordbruket aukar igjen når ein målar frå desember til desember, så

Prisvekst på kraftfôr

Prisindeks på kraftfôr som inngår i Bondens Prisindeks (BPI) laga av AgriAnalyse.




På kraftfôr er indeksen basert på produsentprisar henta frå Landbruksdirektoratet.

Grafikk: Bjarne Bekkeheien Aase, Nationen • Kilde: AgriAnalyse

Prisar på viktige innsatsfaktorar

Ulike delindeksar som inngår i Bondens Prisindeks (BPI) målt mot SSBs konsumprisindeks (KPI).



Oversikt frå AgriAnalyse basert på råvareprisar frå bl.a. Verdsbanken, Eurostat, SSB og Landbruksdirektoratet. 2015 = 100

Grafikk: Bjarne Bekkeheien Aase, Nationen • Kilde: AgriAnalyse

Kostnadsveksten i jordbruket

Bondens Prisindeks (BPI) målt mot SSBs konsumprisindeks (KPI), som viser veksten i prisnivået.



Oversikt frå AgriAnalyse basert på råvareprisar frå bl.a. Verdsbanken, Eurostat, SSB og Landbruksdirektoratet. 2015 = 100

Grafikk: Bjarne Bekkeheien Aase, Nationen • Kilde: AgriAnalyse

enda 2024 samla sett med ein prisnedgang på 1,3 prosent i gjennomsnitt for bondens prisindeks.

«Årsendingen beregnes ved

å se på gjennomsnittet av 12 måneder i et aktuelt kalenderår mot tilsvarende gjennomsnittstall for året før. Det var særlig betydelig lavere priser på kunst-

gjødsel, i tillegg til reduserte strømpriser som bidro til at årsendingen viser et fall», skriv AgriAnalyse i omtalen av tala.